

Uttale frå kontrollnemnda til årsmøtet 2024

Kontrollnemnda si oppgåve er å kontrollera at styret i 4H Hordaland rettar seg etter dei vedtaka som årsmøtet gjer. Særleg årsplan og budsjett er viktige styringsdokument.

Kontrollnemnda har òg som oppgåva å finna ein person for tre år og varamedlem for eit år til valnemnda.

Dette året har kontrollnemnda bestått av Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald.

2023 har vore eit år der medlemstalet har auka, det har blitt etablert nye klubbar og 4H har hatt sommarpatrulje ute i fylket. Sommarpatruljen var eit positivt tiltak for synleggjering. Klubbane har òg hatt godt sal av 4H loddar og mange har tinga meir lodd enn dei fyrst fekk tilsendt. Det er godt jobba!

4H Hordaland er godt i gang med planlegging av landsleir 2024, og det er ein balansegang å drifta den daglege aktiviteten i fylket opp mot planlegging av eit slikt stort arrangement.

Kontrollnemnda får innkallingar og referat frå styremøta og fylgjer på den måten planane til fylkesstyret gjennom året. Dette gir kontrollnemnda god oversikt, og me ser ein god struktur i arbeidet. Innkallingane og referata er ryddige og oversiktlege.

Styret og 4H-kontoret har gjennom året gjennomført klubboppfølging ved Teams-møte, det tenkjer me er ein god måte å halda kontakt med klubbane på i løpet av året. Distriktsmøte har òg vore halde via teams.

4H Hordaland har hatt medlemsvekst dette året, med to nystarta klubbar, i tillegg til auka medlemstal i dei eksisterande klubbane. Det er svært gledeleg. At medlemsmassen no er ung krev litt ekstra innsats i alle ledd og det er ein jobb alle må gå saman om.

Prosjektet Lærerike opplevelingar har vore positivt for klubbane som har nytta seg av tilbodet, og ein ressurs vidare for 4H Hordaland no når det er avslutta.

Rekneskapen for 2023 er oppgjort med eit overskot på kr 223.781 mot budsjettet underskot på kr 36.054. Det er litt mindre inntekter på arrangement, leifar og kurs, enn budsjettet. Det heng saman med lågare deltagarkartal, men kontrollnemnda meinar det er positivt at desse arrangementa vert gjennomførde sjølv om deltagarkartal er noko lågare enn ynskt.

Styret har gjort ein god jobb med å skaffa ulike prosjektmidlar. Det er inspirerande å setja i gang med ulike prosjekt for klubbane og medlemmene når det er midlar å nytta.

Nemnda vil også peike på at når økonomien er på sakslista på styremøta får ein høve til oppfølging og korrigeringar, som er særskilt viktig for å styra 4H Hordaland framover. Dette følgjer styret godt opp.

Elin Klette

(sign)

Ida Marlen Havn

(sign)

Martha Gjerald

(sign)